



Til kommunane i Rogaland

Kontakt saksbehandlar

Jorunn Helland, 51568739

Utlysing av tilretteleggingsmidlar for ABLU studentar og barnehagelærarutdanninga på deltid - 2021/2022

Fylkesvis samarbeidsforum Rogaland har gitt Statsforvaltaren i Rogaland fullmakt til å fordele tilretteleggingsmidlar for studieåret 2021/2022. Dette er ein del av regional ordning for kompetanseutvikling i barnehagane.

Samarbeidsforum har satt av kr 3 600 00,- til formålet. Statsforvaltaren tildel midlar ut frå følgjande prioriteringar.

Prioriterte studium i denne ordninga

På bakgrunn av kompetansebehovet i kommunane og tal i BASIL, vil fylkesvis samarbeidsforum Rogaland tildele midlar til følgjande studium i prioritert i rekkjefølge :

1. 4. års studentar på ABLU eller 4. års studentar på deltid barnehagelærarutdanninga
2. 3. års studentar på deltid barnehagelærarutdanninga
3. 2. års studentar på deltid barnehagelærarutdanninga
4. 1. års studentar på ABLU eller 1. års studentar på deltid barnehagelærarutdanninga
5. Tilsette som får tilskott vil få tilskott i heile utdanningsløpet.

Dersom avsette midlar ikkje er tilstrekkelege, skal barnehagar og område som har utfordringar med rekruttering av kvalifisert personale, prioriterast. Denne vurderinga blir gjort med bakgrunn i tal frå BASIL.

Økonomisk støtte gir eigarar (kommunar og private) høve til å leggje forholda til rette for å få fleire pedagogar i sine barnehagar. Midla er knytt til den enkelte tilsette slik at studiet kan gjennomførast på ein god måte.

Det i tillegg mogleg å søke tilretteleggingsmiddel gjennom Utdanningsdirektoratet sin søkjarportalen.



Kriteria for å kunne søke om midlar

- Barnehageeigar søker om midlar for tilrettelegging av egne tilsette
- Dei tilsette skal ha minimum 50% fast arbeidsforhold i barnehagar i Rogaland
- Dersom den tilsette er tilsett i fleire barnehagar, må det avklarast lokalt korleis midlane fordelast mellom barnehagane.
- Det kan søkjast inntil kr. 50 000 per student og for maks 2 tilsette per barnehage.
- Midla er knytt til den enkelte tilsette

Korleis midlane skal nyttast

- vikarmidlar for at den tilsette skal få permisjon med lønn for å delta på studiesamlingar og lese og eksamensdagar (arbeidsgjevaravgift for vikar må ein dekke innanfor tildelt ramme)
- å dekke reise- og/eller opphaldsutgifter
- studiemateriell for den tilsette
- å dekke utgifter den tilsette har etter rekning/faktiske utgifter og som kan dokumenterast
- Det skal lagast ein avtale mellom barnehagen og studenten i starten av semesteret korleis midla skal brukast. Avtalen skal sendes til barnehagemyndigheita når den er signert av begge partar.

Som hovudregel skal midlane ikkje betalast ut som stipend, fordi dei då vil bli skattepliktige og utløyse arbeidsgjevaravgift. Midlane skal brukast til å leggja til rette for studiedeltaking for den enkelte tilsette.

Barnehageeigar søker midlar for sine tilsette på dette [søknadsskjema](#).

Barnehageeigar må søkje om midlar kvart år, sjølv om studenten er prioritert i heile utdanningsløpet.

Midlane betalast ut til barnehagemynda i dei respektive kommunane som fordeler midlane vidare. Utbetalte midlar på kr 50 000,- gjeld for heile studieåret 2021/22. Midla vert utbetalt i løpet av september 2021.

Vidareutdanningsstudiar som er søkt via Utdanningsdirektoratet sin søkjarportal, inngår ikkje i denne ordninga.

Frist for å sende inn søknad er 30. august 2021

Med helsing

Marianne Skogerbø
utdanningsdirektør

Jorunn Helland
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Adresseliste:

Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda